

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 13.06.2007
 Sakshandsamar: **Ivar Eriksen**
 Vedrørende: **Val av styremedlemmar i Helse Vest IKT**

Styresak 065/07 B

Styremøte 27.06. 2007

Bakgrunn

Helse Vest IKT vart etablert 01.11.2004. I vedtektene for selskapet er det bestemt fylgjande om styre, jf. §5;

"Selskapets styre skal bestå av sju medlemmer.

Fem styremedlemmer velges av selskapets generalforsamling. Generalforsamlingen fastsetter hvem som skal være styrets leder.

To styremedlemmer med varamedlemmer velges av og blant de ansatte."

Ved etableringa vart fylgjande valt til styremedlemmar av eigar; Herlof Nilssen (styreleiar), Hilde Christiansen, Gunnar Hall Skavoll, Marit Myrland og Eivind Gjerdal (Sparebank1 gruppen).

Virketid for styremedlemmane er ikkje vedtektsfesta. Virketida fylgjer dermed av aksjelova §6.6;

Styremedlemmers tjenestetid (1) *Styremedlemmer tjenestegjør i to år. I vedtektene kan tjenestetiden settes kortere eller lengre, men ikke til mer enn fire år. Ved suppleringsvalg kan kortere tjenestetid fastsettes. (2) Tjenestetiden regnes fra valget når noe annet ikke er bestemt. Den opphører ved avslutningen av den ordinære generalforsamling i det året tjenestetiden utløper.*

Ved generalforsamling for 2006 vil virketida for styremedlemmane ha vore 2 år. I denne saka er forslag til endringar av talet styremedlemar og drøfta.

Problemstilling

Ved etableringa av Helse Vest IKT vart det bestemt at selskapet skulle ha 5 eigaroppnemnde styremedlemar; to frå Helse Vest RHF, to frå helseføretaka og ein ekstern.

Erfaringane viser at det er trong for å drøfte talet styremedlemmar frå helseføretaka. I lys av Helse Vest IKT sin funksjon som felles tenestesesenter for helseføretaksgruppa, har det vist seg at det er viktig med brei representasjon av helseføretaka i styret. Styret peika og i si eiga evaluering for 2006 på trongen for auka representasjon av klinisk kompetanse i styret. Av den grunn er fylgjande alternativ vurdert;

1. *Uendra styresamansetting*
2. *Endring av representantar frå helseføretaka*
3. *Auke av talet styrerepresentantar frå helseføretaka frå 2 til 4*

Uavhengig av dette må styret i Helse Vest RHF/Generalforsamling i Helse Vest IKT AS ta stilling til om ein skal vidareføra den styresamansetting ein har i dag med adm. tilsette, eller om ein skal leggja tilsvarende kriterium til grunn for styresamansettinga som for HF-styra.

Drøfting

Gitt at styret i Helse Vest RHF/Generalforsamlinga vil vidareføre noverande ordning for val av styremedlemmer til styret i Helse Vest IKT, vil ein prøve å belyse nærare dei 3 alternativa som er nemnt i avsnittet om problemstilling.

Kontinuitet i arbeidet med utvikling av Helse Vest IKT talar for at det ikkje bør gjerast større endringar i samansettinga av styret for Helse Vest IKT. Det er viktig at Helse Vest RHF framleis har ein sentral posisjon i dette arbeidet. Det har vore til stor nytte for Helse Vest IKT å ha med ekstern representasjon i styret. Attval av eksternt styremedlem er viktig for å vidareføre denne kompetansen i styret. Samstundes har styret sjølv peika på trongen for å auke den kliniske kompetanse i styret. Kombinasjonen av desse argumenta leiår til ei tilråding om å auke talet styrerepresentantar frå helseføretaka frå 2 til 4. Ein representasjon av alle dei store helseføretaka i styret for Helse Vest IKT vil og bidra til at selskapet lettare vil kunne bidra i det strategiske arbeidet med utviklinga av bruken av IKT i helseføretaksgruppa.

Dersom talet eigaroppnemnde styremedlemar vert auka til 7, må det og vurderast om talet styrerepresentantar frå dei tilsette må endrast. Om dette seier aksjelova fylgjande, jf. §6.4 2. ledd;

"Når et selskap med flere enn 50 ansatte ikke har bedriftsforsamling (jf § 6-35), kan et flertall av de ansatte kreve at inntil en tredel og minst to av styrets medlemmer med varamedlemmer velges av og blant de ansatte."

Av dette fylgjer at dei tilsette *kan krevje* auke i talet styremedlemar frå 2 til 3.

Anbefaling

Det vert tilrådd at talet styrerepresentantar i Helse Vest IKT frå helseføretaka vert endra frå 2 til 4. Dermed kan dei 4 store helseføretaka verte representert i styret. Ved val av styremedlemmar bør det takast omsyn til klinisk kompetanse og erfaring. Endring i talet styremedlemmar krev endringar av vedtektene for Helse Vest IKT, jf. forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

1. Talet eigaroppnemnde styremedlemar i Helse Vest IKT AS vert endra frå 5 til 7. Endringa vert gjennomført ved endring i vedtektene.
2. Vedtektene for Helse Vest IKT AS §5 blir endra til:
"Selskapets styre skal bestå av 10 medlemmer. Sju styremedlemmer velges av selskapets generalforsamling. Generalforsamlingen fastsetter hvem som skal være styrets leder. Tre styremedlemmer med varamedlemmer velges av og blant de ansatte."